

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 97/2010**

2010/EØS/70/01

av 1. oktober 2010

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 43/2010 av 30. april 2010⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2009/97/EF av 3. august 2009 om endring av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF og 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstrar og grønnsaker⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsdirektiv 2009/145/EF av 26. november 2009 om visse unntak med henblikk på godkjenning av landsorter og andre grønnsaksorter som tradisjonelt har vært dyrket på visse steder og i visse regioner og som er truet av genetisk erosjon, og av grønnsaksorter som er uten egentlig verdi for kommersiell produksjon av avlinger, men som er utviklet for dyrking under særlege forhold, og om markedsføring av slike landsorter og andre sorter⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel III til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1 nr. 14 (kommisjonsdirektiv 2003/90/EF) og nr. 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
"– **32009 L 0097**: Kommisjonsdirektiv 2009/97/EF av 3. august 2009 (EUT L 202 av 4.8.2009, s. 29)."

⁽¹⁾ TEU L 181 av 15.7.2010, s. 11, og EØS-tillegget til TEU nr. 37 av 15.7.2010, s. 14.

⁽²⁾ TEU L 202 av 4.8.2009, s. 29.

⁽³⁾ TEU L 312 av 27.11.2009, s. 44.

2. I del 2 etter nr. 54 (kommisjonsvedtak 2009/109/EF) skal nytt nr. 55 lyde:

”55. **32009 L 0145**: Kommisjonsdirektiv 2009/145/EF av 26. november 2009 om visse unntak med henblikk på godkjenning av landsorter og andre grønnsaksorter som tradisjonelt har vært dyrket på visse steder og i visse regioner og som er truet av genetisk erosjon, og av grønnsaksorter som er uten egentlig verdi for kommersiell produksjon av avlinger, men som er utviklet for dyrking under særlige forhold, og om markedsføring av slike landsorter og andre sorter (EUT L 312 av 27.11.2009, s. 44).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2009/97/EF og 2009/145/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. november 2010, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*)).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 1. oktober 2010.

For EØS-komiteen

Stefán Haukur Jóhannesson

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.